

## DUGNADSREGISTRERING

*Voss Cup er tufta på dugnad og ein er heilt avhengig av dei over 1000 dugnadsfolka som er i sving iløpet av Voss Cup-helga. Kvar føresett til born i FBK Voss får ei vakt kvar under Voss Cup. Her er eit lite oversyn over kva oppgåver ein kan velgja for sin dugnadsinnsats.*

### SAL SALSOD/OVERNATTINGSSTAD:

Voss Cup har sal av mat og drikke frå fleire salspunkt på baneområdet og frå utvalde overnattingsstader. Dette er den største posten når det gjeld behovet for frivillige. På kvar salsstad skal det vera ein salsansvarleg som har ansvar for å gje instruksar til nye dugnadsfolk ved kvart vaktskifte, og fylla på varer undervegs. Bilete og nummer til salsansvarleg på kvart skift skal ligga på salsstaden. Salsbodene er bemanna etter storleik og erfaring ifht besøkjande. Ei dugnadsvakt varar kring 5 timar.

### BANEVAKT

Under Voss Cup er det stor aktivitet både på og utanfor banane. Voss Cup skal vera ein god plass å vera for alle – både spelarar, trenarar, tilskodarar og dommarar. På kvart baneområde har ein difor ein banevakt som skal sjå til at alle overheld fair-play både på og utanfor banen. Banevaktene held nær kontakt med Fair-Play komitèen som sirkulerar på området heile helga. I tillegg har ein kontakt med sanitet om det oppstår skadar på området. Oppmøte er i dommarsekretariatet som ein finn i FBK Voss sitt møterom i kjellaren i Idrettshallen. Der får ein instruksar frå dommaransvarlege og representantar frå Fair-Play komitèen. Ei vakt varar i 5-6,5 time.

### TRAFIKKVAKT

Voss Cup er opptekne av tryggleiken på området vårt. Som trafikkvakt hjelper du til å dirigera bilar til oppsett parkering, og passa på at ingen køyrer inn på det avstengde Voss Cup området. Ei vakt varar i 5-8 timar. Oppmøte på Hestavangen (nedanfor Nain) der ein får tildelt oppgåve og område.

### RIGGECREW

Som medlem i riggecrewet er du med å rigga til eller rigga ned Voss Cup. I dette ligg oppgåver som køyring av mål, oppsetjing av telt, henting og utsetjing av bord og stolar, oppsetjing av gjerder osb. Det er behov for personar med sertifikat (og gjerne tilgjenge) til store køyrety. Som medlem av riggecrewet kan du få oppgåver i forkant (onsdag/torsdag) eller i etterkant (søndag) av cupen. Avdelingsleiar på Rigging, og behovet for sjåførar, er med på å setja opp dugnadslista.

### SANITET

Som sanitetspersonell er du med å skape tryggleik for små og store under cupen. Det er 2 sanitetstelt – 1 ved Olabanen og 1 ved Utescena - som er bemanna heile helga medan kampane pågår. Me tilstrebar at det alltid skal vera ein lege på kvar vakt. Kvalifikasjonar for å vera med på sanitet er at du har helsefagleg utdanning som t.d. lege, sjukepleiar eller fysioterapeut. Ansvarleg for avdelinga set opp vaktlista. Instruksar og anna info vert sendt ut på førehand.

### VAKT I HOPPELOTT

Voss Cup ynskjer at borna skal ha det moro også utanfor fotballbana. I hoppeslotta ved Gras 1 (hovudbanen) er det gratis aktivitet for borna heile helga. Som vakt ser ein til at borna overheld kø-

ordning og instruksar for bruk av hoppeslotta. Fyrste og siste vakt kvar dag hjelper til med opp/nedrigg. Opplæring vert gjeven. Ei vakt varar i 4-5 timar.

### **NATTEVAKT**

Voss Cup tilbyr overnatting til deltakarar og foreldre på i overkant av 30 overnattingsstader under Voss Cup. Mange av overnattingsstadene er det lokale klubbar og lag som har ansvar for. FBK Voss stiller sjølv med nattevakter på Gullfjordungen skule, Gjernes skule, Vangen skule, Voss Ungdomsskule, Vonheim, m.fl. Det er som regel to nattevakter på kvar overnattingsstad så sant det let seg gjera i høve dugnadsfolk. Som nattevakt har du oppsyn med overnattingsstaden gjennom natta. Opplæring og gjennomgang av bygg og rømningsveggar vert gjeven av skuleansvarleg/overnattingsansvarleg på bygget. Ei nattevakt varar heile natta, dvs frå 21.45-08.00.

### **GRILLVAKT**

Voss Cup sel grillmat frå salspunkt på parkeringsplassen mellom Idrettshallen og Utebassenget. Her får mang ein svolten Voss Cup deltakar kjøpt seg noko godt frå vårt fristande grillmat-utval. Som dugnadsvakt legg du opp og sel grillmat og drikke. Ei vakt varar i 4-5 timar. Ansvarleg for sjølve grillinga er Arne Merkesdal, som også er leverandør av pølser og kjøt til Voss Cup. Ansvarleg for dugnadsfolk og organisering på grillen er det avdelingsleiaren som har ansvar for.

### **SAL AV FOTBALLKORT**

Voss Cup tilbyr spelarar å ta bilete og få utskrive sine egne fotballkort. Dette føregår i foajéen i Idrettshallen. Som dugnadshjelp på sal av fotballkort hjelper du til med å ta bilete, notere namn og skrive ut fotballkort. Dette vert utført ved hjelp av kamera og data. Det vert gjeven opplæring. Ei vakt varar i 4-5 t.